

# FORMIDLINGSPLAN FOR JÆRMUSEET

2019 – 2021



JÆRMUSEET

<b>Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>Generelle føringar for formidlingsarbeidet</b> .....	<b>4</b>
Formidling i museum .....	5
Den regionale og kulturelle forankringa for Jærmuseet si formidling.....	5
Etisk plattform .....	7
<b>Formidling i Jærmuseet</b> .....	<b>8</b>
A: Jærmuseet skal vera møteplass og arena for å formidla kunnskap og læring til det allmenne publikum, skular og næringsliv .....	8
Formidlingsplattform .....	8
Målgrupper .....	9
Møte med publikum .....	10
Tema ved anlegga .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
B: Utvikla nye utstillingar og aktivisera utstillingane som hovudarena for formidling og undervisning .....	10
Utstillingar.....	10
C: Utvikling, kvalitetssikring og fornying av formidlingsmetodar .....	12
Aktivitatar .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<b>Publikasjonar</b> .....	<b>14</b>
Årboka.....	14
Andre publikasjonar.....	14
<b>Formidling ved dei ulike anlegga</b> .....	<b>15</b>
Vitenfabrikken.....	15
Vitengarden .....	17
Science Circus.....	18
Garborgsenteret .....	19
Tungenes fyr .....	20
Temamusea – lokale anlegg.....	21
Varden Sjøredningsmuseum.....	21
Grødaland .....	22
Haugabakka.....	23
Limagarden og dei andre anlegga i Gjesdal .....	23
Vistnestunet.....	24
Flyhistorisk Museum Sola .....	25
Rogaland Krigshistorisk Museum.....	26

## Innleiing

Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Klepp, Time, Hå, Gjesdal og Sandnes, og regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Jærmuseet har i dag 13 opne publikumsanlegg i dei sju kommunane, samt Science Circus – vårt «vitensenter på hjul».

Kombinasjonen av museum og vitensenter gir Jærmuseet særlege utfordringar og moglegheiter. Kjerneaktiviteten i eit vitensenter er populærvitskapleg formidling av realfag gjennom interaktive utstillingar og eksperiment, og den pedagogiske verksemda vil ha eit sterkare fokus i eit vitensenter enn i eit tradisjonelt museum.

Men den historiske og regionale forankringa som regionmuseum gir ekstra styrke og fagleg tyngd til vitensenteravdelingane våre. Musea sin tilgang til, og kunnskap om dokumentasjon, samlingar, historie- og tradisjonskunnskap inneber at institusjonen lettare kan formidla naturvitskap og teknologi innanfor ei historisk, kulturell og allmenndannande ramme.

Jærmuseet sin formidlingsplan er ein del av museet sitt planarbeid for å systematisera, samordna og kvalitetssikra verksemda. Planen vedkjem både tilsette, styret for museet, venneforeiningar, vertskommunar, sponsorar og andre eksterne samarbeidspartar.

Formidlinga dekker både utstillingar, og anna formidling som aktivitetsdagar og arrangement for publikum, og ulike former for digital formidling.

Museet har eigen formidlingsplan for barn og unge og eigen marknadsplan. Det står meir om undervisningsopplegg eller andre særskilde formidlingstilbod til barn og unge i førstnemnde plan, og ein meir inngåande analyse av målgrupper, marknad og måltal for besøk i marknadsplanen.

Formidlingsplanen bygger på museet sine mål slik dei er uttrykte i vedtekter, strategiplan, tidlegare formidlingsplanar frå 2009 og 2016, samt marknadsplan og formidlingsplan for barn og unge. I tillegg kjem overordna føringar som stortingsmeldingar, tilskotsbrev frå Kulturdepartementet, vitensenterprogrammet, regionalplanar for museum og kultur, overordna føringar for Kystverkmusea og relevante kommunale planar.

Formidlingsplanen er todelt:

- ein generell del som er felles for alle avdelingar
- delplanar for dei enkelte anlegga som har ei årleg rullering i samband med budsjetthandsaminga og dei årlege handlingsplanane .

Planperiode for del 1 er 3 år frå 01.01.2019 til 31.12.2021.

## Generelle føringar for formidlingsarbeidet

### Stortingsmelding nr. 49/2008-2009 *Framtidas museum*

I **Framtidas museum** heiter det at musea skal ha som hovudmål å "nå publikum med kunnskap og opplevelse og være tilgjengelig for alle. Det innebærer målrettet tilrettelegging for ulike grupper og aktuell formidling som fremmer kritisk refleksjon og skapende innsikt."

Formidlinga skal vera kritisk og nyskapande både når det gjeld tematikk og virkemidlar. Dessutan skal musea stø opp under sentrale verdiar som samfunnet vårt bygger på, auka folks attrå etter kunnskap, og fremja toleranse. Det er eit overordna mål at musea gjenspeglar det samfunnet dei er ein del av.

Den same stortingsmeldinga tek også opp vitensentera, og framhevar både Vitengarden og Vitenfabrikken i måten vitensenterpedagogikken er forankra i museet sin kulturhistoriske kontekst og tematikk. Kombinasjonen blir sett på som ein metode for å heva kvaliteten i både museet og i vitensenteret.

*Framtidas museum* understrekar at musea skal utviklast til museumsfaglege kunnskapssentra og profilerte samfunnsinstitusjonar. Me skal styrka vår faglege profil og ha som hovudmål å:

- Heva kvaliteten på **forvaltinga** av samlingane.
- Driva **forskning** og kunnskapsutvikling for å oppnå eit fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling.
- Driva ei **formidling** som når publikum med kunnskap og opplevingar.
- **Fornya** oss gjennom fagleg utvikling, nytenking og profesjonalisering.

Det skal dermed vera ein sterk samanheng mellom institusjonen sin faglege profil, innhald i samlingar, forskning og museet si formidling.

### Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida*

Regjeringa si nye kulturmelding **Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida** formulerer følgjande overordna kulturpolitiske mål:

Eit fritt og uavhengig kulturliv som

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap
- fornyar seg og viser evne til omstilling



- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar

Meldinga understrekar at *«Kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og kulturpolitikken skal byggje på ytringsfridom og toleranse. Kulturlivet og sivilsamfunnet er føresetnader for danning og ei opplyst offentlegheit, og dermed ei investering i demokratiet.»*

Kulturpolitikken skal bygga på sentrale verdiar som danning, nyskaping, kvalitet, kritikk og mangfald. Kulturmeldinga viser også til at det er politisk semje om å leggja prinsippet om *armlengds avstand* til grunn på kulturområdet på både statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

## Realfagsstrategi

I regjeringa sin realfagsstrategi, **«Tett på realfag, Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringa (2015 – 2019)»** heiter det:

*«Flere barn og unge skal få anledning til å gjøre realfaglige erfaringer i nærmiljøet gjennom feltarbeid, besøk på museer, utforskning på vitensentre og oppdrag i lokale bedrifter»*

I **«Ny strategi for vitensentrene 2016 – 2019»** peikar vitenstyret/Forskningsrådet på følgjande: *«Et vitensenter skal spille en rolle i allmenndannelsen, som en møteplass der publikum kan fornye sine kunnskaper på egne premisser. [...] Naturvitenskap og teknologi er også en del av vår felles kulturarv. Vitenskapelige teorier, som relativitetsteorien og utviklingslæren, har hatt dyptgripende innvirkning på vårt syn på verden og vår egen plass i den. Nyvinninger, som informasjons- og bioteknologien, har endret arbeidsmåter og levealder. Økte kunnskaper innen naturvitenskap og teknologi har således påvirket våre levekår til alle tider.»*

## Den regionale og kulturelle forankringa for Jærmuseet si formidling

Jordbruk og industri har vore berebjelkane i næringslivet i Jærregionen i moderne tid. Ikkje minst har samspelet mellom desse næringane vore ei drivkraft i den regionale økonomiske og kulturelle utviklinga. Det er denne historia som har gitt opphavet til førestillingane om "den driftige jærbuen". Slik jordbruk og industri har vore komplementære næringar, er Vitengarden på Nærbø, med fokus på dei grønne og "jordnære" naturvitskapane, og Vitenfabrikken i Sandnes, med sitt utgangspunkt i byhistoria for Sandnes og den regionale industrihistoria, komplementære avdelingar som til saman dokumenterer og formidlar denne historia.

Jæren er ikkje berre "Flat-Jæren". Mot aust går den flate og treberre morenesletta over i eit meir kupert landskap – Høg-Jæren og "fjellbygdene" i Sandnes, Time og Gjesdal. Her var det tilgang til store utmarkbeite for sau, og jamvel vaks her tre av ulike slag, som skapte grunnlag for husflid og handverk, og endåtil vasskraft som la til rette for industrietader som Ålgård og Oltedal.

Silda og seinare olja frå havområdet utanfor Jæren har vore det viktigaste nærings- og vekstgrunnlaget for heile regionen. Men havet tok også. Fram til redningsstasjonane blei utbygde i siste halvdel av 1800-talet var det mange skip som forliste og mange sjøfolk som mista livet langs den langgrunne og verharde jærkysten.

Tungenes fyr med Sjøbruksmuseet formidlar korleis folk i regionen nyttar sjøen som transportveg og næringsveg. Sentrum for formidlinga er den over 150 år gamle fyrbygningen som viser fyrvaktaren sitt arbeid og bustad. Eit maritimt vitensenter er under planlegging på Tungeneset, der desse temaa vil få ein sentral plass. Eit visningssenter for fiskeoppdrett kjem til å formidla og dokumentera den moderne havbruksnæringa.

Jærmuseet/Tungenes fyr er og ein del av Kystverkmusea, Etatsmuseet for Kystverket. Etatsmuseet er organisert etter ein nettverksmodell og består i dag av fem museum, eitt i kvart av Kystverket sine regionar: Museene for gjenreising og Kystkulturi Finmark, Museum Nord i Nordland, Sunnmøre Museum, Jærmuseet og Lindesnes fyrmuseum som har rolla som koordinator for nettverket. Innanfor Kystverkmusea har Jærmuseet eit særskilt ansvar for å dokumentera loshistoria og trafikkseptaltenesta.

Natur, næringsgrunnlag og kultur i jærregionen byr på variasjonar og kontrastar mellom hav og hei, mellom by og land. Dei tidlegare bygdemusea som Jærmuseet har overteke driftsansvaret for, er i stor grad knytte til den lokale historia. Anlegga på Grødaland, Haugabakka, Limagarden og Vistnestunet formidlar denne gjennom sine eigne særtrekk og historieforteljingar.

Garborgsenteret formidlar arven etter forfattarekteparet Arne og Hulda Garborg. Saman sette dei djupe spor etter seg i framvoksteren av det moderne Noreg. Garborgsenteret har òg driftsansvaret for jærhusa Garborgheimen og Knudaheio, barndomsheimen og skrivestova til Arne Garborg.

Stor aktivitet på Sola flystasjon og den sivile flyplassen på Sola har sett sitt preg på Solasamfunnet gjennom mange år. Den sivile flyplassen blei opna i 1937, og gjorde Sola til eit utsett krigsmål under andre verdenskrigen. Sola hadde ein sentral posisjon under den kalde krigen, ikkje minst som base for jagarfly.

Dei to temamusea Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistorisk Museum dokumenterer og formidlar denne delen av regionen si historie. Sømmevågen er ein del av Hafrsfjorden, og lokaliseringa gjer det mogleg å trekka dei lange militærhistoriske linene heilt frå då Hafrsfjorden var ein viktig sjømilitær base i jernalderen. (Første steg av ny utstilling om 2. verdenskrigen vil opna i Sømmevågen i 2019.)

## Etisk plattform

Alle museum som får tilskot frå Kulturdepartementet er plikta til å følgja den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM sitt museumsetiske regelverk.

Særleg kapitla 3, 4 og 8 omtalar musea sitt formidlingsansvar ovanfor lokalsamfunnet og publikum:

*3. Museer har et spesielt ansvar overfor fellesskapet for å sikre, gjøre tilgjengelig og formidle primærmaterialet som er samlet inn og oppbevart i museumssamlingene.*

*4. Museer har plikt til å utvikle sin viktige folkeopplysningsrolle og trekke til seg et bredere publikum fra lokalsamfunnet, området eller gruppen som de betjener. En integrert del av museets opplysningsoppgave består i å samhandle med det samfunnet museet tjener og arbeide for å fremme dets natur- og kulturarv*

*8. Museumsansatte skal følge allment godtatte standarder og lover, og opprettholde museumsfagets verdighet og respekt. De skal beskytte publikum mot ulovlig eller uetisk museumsfaglig framferd. De skal benytte enhver anledning som gis til å informere og gjøre publikum kjent med fagets mål, oppgaver og visjoner for å utvikle en større allmenn bevissthet om museenes samfunnsoppgaver.*

På grunnlag av kap. 1.10, «forretningsmessige retningslinjer», har Jærmuseet utforma ein eigen etisk plattform som ligg til grunn for verksemda vår, og som understrekar museet si uavhengigheit og integritet:

*«Museet kan ta i mot eksterne gåver når desse samsvarer med museet sine mål og innsamlingsplanar.*

*Museet kan ta imot pengegåver og andre ytingar frå private gitt til formål som er i samsvar med museet sine mål og vedtatte planar.*

*Museet kan selja arrangement, profileringstenester og reklame til private firma og bedrifter, men slike tenester og oppdrag må aldri vera i konflikt med det museumsetiske regelverket.*

*Verken gåver, tenester eller andre forretningsrelasjonar kan leggja føringar på museet sine målsettingar, planar og strategi.*

*Uavhengig av inntektskjelde skal museet halda kontrollen over eigen integritet og innhaldet i sine program, utstillingar og aktivitetar.*

*Faste og temporære utstillingar skal vera i samsvar med museet sine mål, grunnprinsipp og vedtatte oppgåver.*

*Museet skal sjå til at den informasjonen som blir gitt i utstillingane er etterretteleg, nøyaktig og viser tilbørleg omsyn til grupper, personar eller førestellingar som eventuelt er ein del av utstillinga.»*

## Formidling i Jærmuseet

I Stiftinga Jærmuseet sine vedtekter heiter det: «*Jærmuseet er ein møtestad mellom natur, kultur og teknologi, mellom fortid og nåtid. Museet skal bidra til at folk flest, og særleg barn og unge, får auka kunnskap om og betre forståing for desse samanhengane, slik at me kan oppretthalda og vidareutvikla eit teknologibasert samfunn som samtidig tar vare på natur og miljø, kultur og historie.*»

Jærmuseet sin overordna strategiplan for 2014–2020, slår fast at «*Jærmuseet formidlar kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforsking.*»  
Jærmuseet sitt motto er: Opplev – delta – utforsk.

Både utstillingstema og anna formidling skal vera forankra i overordna mål for institusjonen og måla for den enkelte avdelinga. Nye tema og større formidlingsprosjekt på dei ulike avdelingane skal koordinerast og forankrast i leiargruppa.

Strategiplanen for Jærmuseet peikar på desse fokusområda innan formidling:

**A: Jærmuseet skal vera møteplass og arena for å formidla kunnskap og læring til det allmenne publikum, skular og næringsliv.**

**B: Utvikla nye utstillingar og aktivisera utstillingane som hovudarena for formidling og undervisning.**

**C: Utvikling, kvalitetssikring og fornying av formidlingsmetodar.**

I det følgjande vert formidling knytt til punkt A, B og C nærare presentert. Leiargruppa har ansvaret for å gjennomføra tiltaka knytt til dei ulike områda.

### **A: Jærmuseet skal vera møteplass og arena for å formidla kunnskap og læring til det allmenne publikum, skular og næringsliv**

Kulturmeldinga understrekar at alle skal ha enkel tilgang til kulturarven. Vidare heiter det at: *Kulturlivet skal fremje møte mellom menneske ved å utvikle og forsterke kulturarenaene som inkluderingsarenaer. Det skal leggjast til rette for opplevingar som skaper felles referansar og byggjer solide fellesskap.* Meldinga legg òg vekt på at kulturaktivitetar gir skulering i det «ueinigheitsfellesskapet» som er ein førsetnad for eit fungerande demokrati, og som bidrar til å utvikla yringskompetanse.

### **Formidlingsplattform**

Jærmuseet har lokalitetar og anlegg i alle dei sju stiftarkommunane. Formidlinga ved institusjonen skjer på ulike måtar, hovudsakleg:

- Utstillingar, permanente og temporære.
- Organisert undervisning av skuleklassar eller andre grupper, på museumsanlegga eller andre stader.
- Aktivitetsdagar og arrangement, ofte i samarbeid med eksterne aktørar.



- Digital og nettbasert formidling.
- Eigen bokproduksjon og publisering i eksterne tidsskrift.

## Målgrupper

Kulturbrukarundersøkinga for Nord-Jæren 2018 viste at 72 prosent av Nord-Jærens innbyggjarar er interesserte i museum/vitensenter. Dette er ei signifikant auke på 12 prosentpoeng frå førre undersøking i 2015. På den andre sida viste Norsk Kulturbarometer 2017 (SSB) at interessen er større enn bruken: 44 prosent av befolkninga i Noreg gjekk på museum minst ein gong i løpet av 2017.

Jærmuseet har følgjande hovudmålgrupper:

- Barn og unge
- Allment publikum med vekt på familiar
- Innbyggjarar lokalt og regionalt

Barn og unge og barnefamiliar har sidan Jærmuseet vart stifta vore ei hovudmålgruppe for museet. Elles vil det enkelte anlegget definera sine målgrupper og utvikla sine publikumstilbod tilpassa målgruppene.

Regionen Jærmuseet opererer i er i stor grad ein region med mange ulike nasjonalitetar. Museet skal vidareutvikla formidlingstilboda i samsvar med dette. Jærmuseet er med i prosjektet **Science capital**, der målet er å nå fleire av dei som vanlegvis ikkje oppsøker museet, inkludert innvandrarar med ikkje-europeiske bakgrunn.

Målet er å kommunisera effektivt med målgruppene. Det må vera samsvar mellom aktivitetane våre, ressursane me har til rådvelde og dei formidlingsmetodane me nyttar.

### Tiltak:

- Museet vil i sitt formidlingsarbeid velja målgrupper for ulike anlegg, tiltak og tema.
- Museet vil trekka ulike målgrupper med i planlegginga av enkelte formidlingstiltak, og leggja vekt på medverknad.
- Utvikla tiltak som aukar familiene si allmenndanning og realfagsinteresse, jf. det internasjonale omgrepet «*science capital*».
- Museet vil jamleg evaluera om formidlingstiltaka når målgruppene, m.a. gjennom publikumsundersøkingar.

## Aktivitetar

Jærmuseet har mange besøkande, og mange av anlegga held eit høgt aktivitetsnivå. På mange aktivitetsdagar er avdelingane avhengige av frivillege gode hjelparar og faste samarbeidspartar. I 2018 var arbeidsinnsatsen til frivillege på 7 618 timar.

Jærmuseet ønskjer ei brei forankring lokalt og regionalt, og vil fortsetta å utvikla samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.

Utgreiinga *Framtidens kultur i et brukerperspektiv*, viser at det blir stadig færre fellesarenaer i samfunnet. Me ønskjer derfor å styrka dei ulike museumsanlegga våre som viktige møteplassar og for regionen og i lokalsamfunna.

Gjestene våre skal få lyst til å besøka anlegga fleire gonger. Då er det viktig at aktivitetane på anlegga held høg kvalitet, og at dei har god variasjon og breidde.

For å halda god kvalitet på dei tilboda me tilbyr må Jærmuseet avpassa aktivitetane etter tilgjengelege ressursar. Det trengst tid, pengar og personale til å ta seg av gjennomføringa. Det er òg viktig å koordinera planar for aktivitet i organisasjonen, og utnytta ressursar på tvers av avdelingane.

#### **Tiltak:**

- Utvikla aktivitetar på anlegga og utvida samarbeidet med lag, organisasjonar og andre frivillege lokalt og regionalt.
- Intern evaluering av aktivitetar og aktivitetsdagar.
- Koordinering av aktivitetar på anlegga i Jærmuseet.

### **Møte med publikum**

Dei siste åra har ein større del av tida til formidlingspersonalet på fleire anlegg vorte brukt til oppbygging av nye utstillingar. I den neste planperioden vil ein prioritera ei utdjuping og fornying av utstillingane ved dei største avdelingane. Nye utstillingar i Sømmevågen og visningssenter i Tungevågen vil auka breidda i formidlingstilbodet vårt.

Alt når publikum skal kjøpa billett møter gjestene frontpersonalet vårt som fortel om tilboda ved institusjonen. Ved dei ulike anlegga er det vertar som tek imot og formidlar noko til publikum. Personalet i kafeen har òg ei viktig rolle som formidlarar av det museet ønskjer å stå for.

#### **Tiltak:**

For å sikra at publikum opplever museet sine arenaer som attraktive og relevante, skal ein gjennomføra desse tiltaka i planperioden:

- Prioritera opplæring og utvikling av omvisarar og skrankepersonell. Særleg gjeld det vertar som arbeider ved anlegga våre i helger og feriar.

## **B: Utvikla nye utstillingar og aktivisera utstillingane som hovudarena for formidling og undervisning**

### **Utstillingar**

Utstillingane og formidlinga skal spissa og dyrka det særeigne ved dei enkelte anlegga. Formidlinga ved anlegga utgjer ein heilskap som til saman formidlar Jæren si kultur-, natur- og teknologihistorie.

Særleg på dei største anlegga har Jærmuseet investert mange millionar kroner i nye utstillingar i løpet av dei siste åra. Desse utstillingane dannar hovuddrammene for museet si publikumsformidling og pedagogiske undervisning. Vidare har museet planar for fleire nye utstillingar innan 2021, i tillegg til fornying og forbetring av eksisterande utstillingar (t.d. SKAPE 2.0). Desse blir nærare presenterte under det enkelte anlegget.

Jærmuseet har fleire typar utstillingar.

- Faste utstillingar
- Temporære utstillingar
- Miljøutstillingar i dei antikvariske anlegga, inkludert naturen og kulturlandskapet rundt
- Ambulerande vitensenterutstilling (SC)
- Vandreutstillingar
- Digitale utstillingar

**Faste utstillingar** skal vara meir enn tre år. Jærmuseet legg til grunn at desse skal bygga på:

- Interaktivitet
- Tverrfaglegheit, særleg integrera og visa samanhengar mellom naturvitskap og kulturhistorie som bidrar til å styrka den kulturhistoriske og naturvitskaplege allmenndanninga
- Solid fagleg fundament, skaffa fram gjennom eigeninitiert forskning og dokumentasjon, eller i samspel med eksterne fagmiljø
- Lokal og regional forankring
- Samtid og fortid i samspel

Dei faste utstillingane er bygd opp rundt fleire deltema og legg vekt på å få fram samanhengen mellom natur, kultur, teknologi og samfunn, slik at ein betre kan forstå dei drivkreftene som har forma det Jæren me opplever i dag. Ei utstilling skal appellera til fleire sansar og vera i tråd med Jærmuseet sitt motto: opplev-delta-utforsk. Temaa skal opplevast relevante og aktuelle, og stundom kontroversielle, og utfordra til refleksjon og diskusjon.

**Temporære utstillingar** er utstillingar med varigheit på inntil tre år. Utstillingsperioden kan variera, nokre står gjennom fleire månader eller år, andre kan vera knytt opp mot eit arrangement og står berre nokre dagar.

Temporære utstillingar kan vera både eigenproduserte og innleigde.

**Vandreutstillingar** er utstillingar som ikkje er bundne til eit lokale eller ein stad, men som kan flyttast utan at kvalitet eller innhald blir forringa. Vandreutstillingar er viktige fordi dei set museet i stand å driva formidling der publikum er. Vår ambulerande vitensenterutstilling, **Science Circus**, er ein annan type vandreutstilling som er særleg retta mot skulane i Rogaland. Målet er å nå elevar og skular som ikkje har ressursar til å besøka dei faste anlegga våre.

**Digitale utstillingar** er tematiske presentasjonar på internett, eller på andre digitale plattformar. Digitale utstillingar kan ha uavgrensa tilgjenge og varighet.

Digitale utstillingar kan vera dagsaktuelle, og ta opp andre tema enn dei som er eigna til "fysiske" utstillingar. Dei kan også utfylla og vera eit supplement til dei andre museumsutstillingane.

## Forskningsbasert formidling

Jærmuseet har som mål å basera ein større del av utstillingane på eigenprodusert forskning og dokumentasjon, jf. museet sin forskingsplan. I førre planperiode styrka museet si eiga forskningsbaserte formidling, og vil halda fram å prioritera dette. Likevel vil fleire av utstillingane til Jærmuseet framleis verta basert på kunnskap frå, og samarbeid med, eksterne fag- og forskingsmiljø.

## Finansiering av utstillingar

Jærmuseet har sjeldan tilstrekkeleg eigne midlar til å gjennomføra større utstillingsprosjekt. Museet må derfor aktivt søka eksterne finansieringskjelder der dette er muleg, enten offentlege prosjektmidlar eller private gåver og sponsorbidrag.

Museet har gode erfaringar med å samarbeida med lokalt og regionalt næringsliv, og vil utvikla dette samarbeidet vidare. All sponing og anna ekstern støtte må likevel vera i samsvar med museet sin etiske plattform.

### Tiltak:

- Styrka rutine for betre ressursutnytting i utstillingsarbeidet.
- Prosjektorganisering av utstillingsprosessane, på tvers av faggrupper, og på tvers av avdelingane der dette er tenleg.
- Søka eksterne midlar for å styrka utstillingsfinansieringa.
- Evaluering av utstillinga i forhold til målsettinga.
- Styrka intern kompetanse for eigen produksjon av utstillingar.
- Utvikla samarbeid med eksterne fag- og forskingsmiljø.
- Auka fokus på digitale utstillingar i planperioden.
- Ta opp aktuelle, stundom kontroversielle tema.
- Høgt medvit om opplevingsdimensjonen når ein lagar utstilling.

## C: Utvikling, kvalitetssikring og fornying av formidlingsmetodar

Utfordringar for formidlinga i planperioden blir mellom anna å halda på og vidareutvikla publikumsappellen og merkevara som Jærmuseet alt har bygd opp.

Derfor må museet vidareutvikla og fornya formidlinga gjennom å ha ei internasjonal orientering, fanga opp nye formidlingsmåtar og utstillingskonsept. Museet skal òg utvikla eigen kunnskap og nytta det som basis i formidlinga. Jærmuseet vil vera vaken for nye formidlingsmetodar og nye formidlingsbegrep. JM legg vekt på å kvalitetssikra utstillingar og publikumstilbod og heva eigen kompetanse.

Gjennom SKAPE og SCIENCE CAPITAL, samarbeider Jærmuseet med fagdidaktiske forskingsmiljø; og har utvikla metodar for å evaluera og kvalitetssikra formidlingstilboda, blant anna ved hjelp av systematisk observasjon av publikum i utstillingar og posttestar av elevar og barnefamiljar.

**Tiltak:**

- Delta aktivt i faglege nettverk, nasjonalt og internasjonalt.
- Betra overføringa og utvekslinga av kunnskap internt i organisasjonen.
- Tilsette som arbeider med formidling skal delta på relevante kurs.
- Etter- og vidareutdanning (bl.a. ved HVL)
- Ta i bruk nye formidlingsmetodar og utvikla fleire forteljingar om den regionale og lokale historia.
- Evaluera formidlinga gjennom observasjon, brukarundersøkingar, driva publikumskartlegging og intern evaluering.



## Publikasjonar

### Årboka

Jærmuseet har gitt ut årboka "Sjå Jæren" frå 1989. Redaksjonen har stort sett vore tilsette ved museet. Opp gjennom åra har boka handla om mange ulike tema. Årboka skal ha ei populærvitskapleg form og femna eit breitt publikum. Forfattarane har vore både Jærmuseet sine egne tilsette, fagfolk frå andre museum og universitet, og lokalhistorikarar frå dei lokalhistoriske miljøa på Jæren. Årboka er ei anna formidlingsform enn utstillingane. Ho har fungert som bindeledd og samarbeidsarena mellom Jærmuseet og frivillege, og kan ta opp andre tema enn utstillingane.

#### Mål for årbokarbeidet i planperioden

Samling og dokumentasjon har ansvar for planlegging av årbokarbeidet. Dei skal:

- Utarbeida ein plan for innhald/tema i årboka for åra 2019 til 2021.
- Sette opp plan for kva ressursar som skal nyttast til årboka i dei ulike åra.

### Andre publikasjonar

Jærmuseet har sidan 1996 gitt ut serien *Jærskrifter* med fem nummer til nå. Det er bøker som presenterer egne dokumentasjonsprosjekt, forskning og fagbøker som er relevante for museet. Dette er skrifter med interne og/eller eksterne forfattarar. Jærmuseet sitt forlag har òg gitt ut *500 sitat av Arne og Hulda Garborg (2015)* og *Trette menn (2016)*.

I tillegg er tilsette med i ulike forskings- og dokumentasjonsprosjekt der dei publiserer artiklar i ulike tidskrift og bøker.

#### Mål for arbeidet i planperioden

Utarbeida mål og plan for nye publikasjonar og tema. Vurdera andre formidlingsformer enn bokformatet, spesielt nettutstillingar og artiklar knytt til eiga nettside, Digitalt museum og Fotonett Rogaland si nettside.

## Formidling ved dei ulike anlegga

### Vitenfabrikken

#### Om anlegget

Vitenfabrikken er eit unikt vitensenter og museumsanlegg sentralt plassert i Sandnes sentrum. Vitenfabrikken er bygd saman med delar av sykkelfabrikken til Jonas Øglænd, og utgjer saman med Krossen havremølle og møllemeisterbustaden museumskvartalet i Sandnes. Museet har store samlingar som dokumenterer firmaet Jonas Øglænd, med sykkel, konfeksjon og handel. I tillegg kjem industrisamlingar av keramikk, kjøkkenutstyr, møbler, jernvare m.m. som dokumenterer den store forbruksvareproduksjonen på 1900-talet.

Vitenfabrikken har per 2018 ei interaktiv utstilling på 2500m<sup>2</sup> og eit planetarium med eigne undervisningsopplegg, stjernevisingar og filmar. Vitenfabrikken har også auditorium som vert brukt til faste populærvitenskaplege foredrag.

Vitenfabrikken har implementert kulturhistoria i vitensenteret gjennom nye utstillingar og vidareutvikling av dei eksisterande utstillingane.

I eksisterande bygg har vitensenteret også ein godt etablert Skaparverkstad som legg til rette for kreative aktivitetar med bruk av mellom anna moderne teknologi.

I tillegg til Vitenfabrikken og museumskvartalet har Jærmuseet ansvar for Thranegården som er ein tidlegare embetsmannsgard. Anlegget frå 17- og 1800-talet er freda, og er i dag utleigd til privat galleriverksemd.

Elles ligg seks småbygningar på rot under Jærmuseet sitt ansvar, dette dreier seg om kvernhus, treskehjulshus og snekkarverkstad, som ligg spreidd rundt i Sandnes kommune.

### Formidlingstema for Vitenfabrikken

Møte mellom teknologi, historie, naturvitskap og kunst

- Sandnes byhistorie
- Regional industri og teknologihistorie
- Matematikk
- Astronomi
- Energi, miljø og byutvikling

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

#### 1. Utstillingar

- Sandnes byhistorie og regional industrihistorie
- Studiemagasin/bibliotek og dokumentsenter
- Vidareutvikla eksisterande basisutstillingar
- Minst 1 temporær utstilling per år
- 2 mindre utstillingar av lokale samarbeidspartar per år

- Planarbeid Vitenpark
- Innkjøp av 1 ny planetariefilm per år

## 2. Pedagogiske opplegg

Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

## 3. Aktivitetar

- Minst 4 aktivitetsdagar per år
- Minst 4 samarbeidsarrangement per år, Sandnes kommune, Kulturskolen, vidaregåande skular og andre lag og foreiningar
- Populærvitskapelege foredrag og møteplass for samtidsaktuelle debattar relatert til våre formidlingstema
  - a) Minst 2 foredrag per år i samband med eigne temadagar eller temporære utstillingar
  - b) Minst 10 foredrag der VF er arena for samarbeidspartnar som ønskjer å halda foredrag
- Utoverretta /utanfor huset aktivitet og arrangement: «Viten på sykkel», Forskingsdagane
- Den multikulturelle byen/regionen: Vitenfabrikken skal gjennom arrangement og aktivitetar arbeida med inkludering, bli ein arena for Sandnes sine innbyggjarar frå 137 land (2018)
- Vidareutvikla kommersielle arrangement
- Arena for større arrangement innan realfagsatsing, samt målgruppa barn og unge (First Lego League, andre arrangement i samarbeid med sponsorar )
- Skaparfestival ein gong i året
- Aktivitetar på ettermiddag

## Vitengarden

### Om anlegget

Vitengarden er Jærmuseet sitt første museumsanlegg med fokus på nyare norsk jordbruk, særleg med vekt på Jæren. Anlegget har utstillingar om kulturlandskapet på Jæren, byggeskikk, energikjelder, utviklingsliner i jordbruket og lokal reiskapsindustri. Basisutstillingane er bygd opp rundt fleire deltema, og legg vekt på å få fram samanhengen mellom natur, kultur og teknologi slik at ein betre kan forstå dei drivkreftene som har forma det Jæren me opplever i dag. Av samlingar kan nemnast ei unik samling jordbruksrelaterte reiskap. Vitengarden ligg ved Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde med eit unikt kulturlandskap og gode turmoglegheiter. Kvia 4H-gard, med miljøutstilling, høyrer også med til museumsanlegget, og dyrehold er ein viktig del av publikumstilbodet. Det vert jobba med genbevaring, og arbeidet med å få i stand eit studiemagasin er starta. Vitengarden er regionalt vitensenter saman med Vitenfabrikken og Science Circus. Det historiske gardsanlegget Audamotland ligg like ved Vitengarden.

### Formidlingstema for Vitengarden

- Dei grønne naturvitskapane
- Mat og matproduksjon
- Det rurale kulturlandskapet
- Reiskapsproduksjon og anna jordbruksindustri
- Alternative energikjelder

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

#### 1. Utstillingar

- Drifta og vidareutvikla fast basisutstilling
- Minst ei større temporær utstilling i planperioden
- Utvikla og opna utstilling om sauene og gjetaren
- Fornye og utvikle undervisningsopplegg om sauene
- Utvikla utstillingane «Teknologi og landskap» og SNU

#### 2. Pedagogiske opplegg

Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

#### 3. Aktivitetar

- Om lag 10 aktivitetsdagar i løpet av året der ein samarbeider med eksterne aktørar
- Auka kommersielle arrangement, t.d. strikkedag/ utleige, matservering, åremål og bryllaup osv.
- Ferietilbod til publikum og SFO
- Utvikla opplegg i utstillinga som eignar seg til lagspleising/bedriftsarrangement

## Science Circus

### Om anlegget

Science Circus er eit omreisande vitensenter som besøker grunnskulane i Rogaland. Det har ei interaktiv utstilling som til vanleg blir montert i gymsalar, allrom eller store klasserom. Utstillinga kan også stå for seg sjølv, og blir tilbydd som vandreutstilling til dømes til andre museum.

Målsettinga er å pirra nysgjerrigheita og undringa til barn og ungdom for naturvitskap og matematikk gjennom show, interaktive eksperiment og undervisning.

### Formidlingstema for Science Circus

- Naturvitskap
- Matematikk
- Astronomi
- Teknologi

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

- Gjennomføra undervisningsopplegg på 50 skular per år
- Lærarkurs. Halda minst 4 kurs i året

### Pedagogiske opplegg

- Utvikla og fornya opplegg innan astronomi, elektronikk, kjemi , matematikk og fysikk, sjå gjeldande formidlingsplan for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)

### Aktivitetar

- Vera til stades på minst to eksterne arrangement per år
- Vera med på vidareutvikling av undervisningsopplegg og eksperiment på Tungenes
- Ansvar for gjennomføring av den Teknologiske skulesekken
- Halda kontakt med samarbeidspartar i innland og utland



## Garborgsenteret – Garborgheimen - Knudaheio

### Om anlegget

Nasjonalt Garborgsenter ligg plassert i sentrum av Bryne, i same bygg som Time bibliotek. Anlegget inneheld ei utstilling om Hulda og Arne Garborg, deira liv, virke og visjonar. Garborgsenteret er eit opplevingscenter med fokus på formidling av og aktivitetar knytt til litteratur, språk, demokrati, kunnskap og skaparkraft. Utstillinga er ikkje gjenstandsbasert. Garborgsenteret har òg ansvaret for formidlinga ved Garborgheimen, Arne Garborg sin barndomsheim, og Knudaheio, Arne Garborg si skrivestove. Begge anlegga ligg usentralt til i Time kommune. Bygga inneheld historiske interiør. Den digitale Garborgløypa er tilgjengeleg via QR-kodar i og ved Garborgheimen, Knudaheio og Time kyrkje. Time mållag er ein viktig samarbeidspartnar for formidling og for å halda bygningane opne for publikum.

### Formidlingstema for Garborgsenteret

- Arne og Hulda Garborg
- Litteratur og språk
- Demokrati og nasjonsbygging
- Religion, livs- og samfunnssyn
- Media

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

#### 1. Utstillingar

- Revisjon og vidareutvikling av fast basisutstilling om Arne og Hulda Garborg
- Minst to temporære utstillingar per år på Garborgsenteret
- Gjennomgang og mogleg revisjon av miljøutstillingar i Garborgheimen / Knudaheio

#### 2. Pedagogiske opplegg

Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

#### 3. Aktivitetar

- 1 aktivitetsdag på Knudaheio kvart år
- 1 ope arrangement på Garborgheimen kvart år
- Minst 15 arrangement på Garborgsenteret kvart år
- Minst 4 samarbeidsarrangement med Time bibliotek kvart år
- Halda årlege Garborgdagar i samarbeid med Time kommune og andre medarrangørar
- Markera Hulda-dagen 22. februar kvart år

## Tungenes fyr

### Om anlegget

Tungenes Fyr ligg ved innseglinga til Stavanger, i Randaberg kommune. Området rundt anlegget er eit populært turområde. Anlegget består av fyrbygg, uthus, fyrvaktar- og fyrbetjentbustad. Uthuset har rom for skiftande utstillingar. Det freda fyrbygget frå 1862 inneheld ei miljøutstilling som viser korleis fyrvaktaren og hans familie budde på 1930-talet. Anlegget har kafé og rom for utleige til arrangement. Av samlingar har Tungenes Fyr ei rekke maleri etter Oskar Sørreime i tillegg til ei samling båtar, båtmotorar, fiskereiskap og anna sjøbruksutstyr som har vore utstilt i Sjøbruksmuseet i Tungevågen.

Det er planar om eit maritimt vitensenter i samband med Tungenes Fyr / Sjøbruksmuseet.

I løpet av 2020/21 vil det bli oppretta eit visningscenter for oppdrett på Tungenes, i lokala til Sjøbruksmuseet. Dette er eit samarbeid mellom Jærmuseet og ein lokal oppdrettsaktør.

Jærmuseet skal i denne samanhengen laga undervisningsopplegg og ei større utstilling om temaet, og organisera turar til eit oppdrettsanlegg i nærleiken.

Tungenes Fyr høyrer til avdelinga Levande historie i Jærmuseet, og er del av Kystverkmusea. Kystverkmusea skal dokumentera, forske i og formidla heile etatens historie og verksemd i dag.

### Formidlingstema for Tungenes fyr

- Lokal fyrhistorie
- Formidling knytt til nasjonalt ansvar for lostenesta og trafikksentralane til sjøs
- Navigasjon
- Sjøbruk og fiske og utnytting av strandressursane lang Jærkysten
- Oppdrett/havbruk

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

#### 1. Utstillingar

- Utarbeida ei ny utstilling om lostenesta i samarbeid med Kystverkmusea
- Utarbeida utstillingar og eksperiment til eit maritimt vitensenter
- Laga ny utstilling i tilknytting til visningscenter for oppdrett
- Laga temporære utstillingar av utstillingane og eksperimenta nemnde ovanfor
- Låna inn temporære utstillingar med relevante tema

#### 2. Pedagogiske opplegg

Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

- **3. Aktivitetar** Minst 10 konsertar i året
- Minst to opne aktivitetsdag på Tungenes fyr
- Minst ein open aktivitetsdag ved Sjøbruksmuseet

## Temamusea og lokale anlegg

Temamusea og dei fleste lokale anlegga er organiserte i avdelinga Levande historie. Inntil vidare Samling og Dokumentasjon har inntil vidare driftsansvaret for Grødalandstunet og Haugabakka .

Tre av anlegga er temamuseum: Flyhistorisk Museum Sola, Rogaland-Krigshistorisk Museum og Varden Sjøredningsmuseum. For dei lokale museumsanlegga er det eit mål å vidareutvikla miljøutstillingane i heimehusa og uthusa. Planen skal leggja vekt på variasjon mellom anlegga og balansera mellom formidling (bruk) og vern.

Aktuelle tema kan t. d. vera:

- Grødalandstunet: Den jærseke storgarden
- Haugabakka: Skule/administrasjon
- Limagarden: Saue- og husflidsgarden
- Vistnestunet: Sjøgarden.

Alle anlegga har i dag velfungerande undervisnings- og formidlingsopplegg for skulen og aktivitetsdagar med opplegg retta mot allment publikum. Dette vil bli vidareført, men også utvikla og tilpassa nye tema.

Museet har dei siste åra laga fleire nye utstillingar på Haugabakka som etterpå har blitt flytta til andre formidlingsanlegg i museet, dvs. utstillinga er planlagt som vandreutstilling. Denne modellen vil bli vidareført.

Pedagogiske opplegg for alle anlegga: Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

## Varden Sjøredningsmuseum

### Om anlegget

Varden sjøredningsmuseum ligg på området til Oгна Camping i eit bygg frå 1970-talet. Museet vart oppretta for å dokumentera og ta vare på utstyret til redningsstasjonane på Jæren. Hovudattraksjonen i samlinga er redningsbåten Tryg. Bygget inneheld i tillegg ei utstilling om forlis og redningshistoria på Jæren. Anlegget held ope på aktivitetsdagar og etter avtale. Medlemmar i Hå Historielag og Jæren kystlag er aktivt med i drifta.

Jærmuseet har og ei utstilling om forlis og redningsarbeidet langs Jærkysten på Kvasheim fyr.

## Formidlingstema for Varden

- Sjøredning før og nå: Redningsstasjonane, utstyret, mannskapet
- Forlis langs Jærkysten

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillinger

- Utstillinga blei fornya i 2012

### 2. Pedagogiske opplegg

Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

### 3. Aktivitetar

- Ein familiedag per år. Aktivitetar på land i området rundt museet
- Ein større aktivitetsdag kvart femte år der me viser korleis det gamle redningsutstyret blei brukt til redning i sjøen, og moderne sjøredning med helikopter og redningsskøyte. Neste aktivitetsdag er i 2019.

## Grødalaland

### Om anlegget

Grødalaland er eit av dei finaste og best bevarte gardsanlegga i Rogaland. Det ligg mot sjøen og er ei unik ramme for forteljingar frå gamle Jæren, ikkje minst den dramatiske forlis- og redningshistoria. I dei grindbygde løene finn ein mykje skipsmaterial i konstruksjonane. Garden inneheld miljøutstillingar som syner korleis folk budde frå ca. 1850 til ca. 1920.

I løene er det plass til skiftande utstillingar. Anlegget er ope alle søndagar mai–september.

### Formidlingstema for Grødalaland

- Kvardagsliv på Jæren før i tida
- Byggeskikk/jærhuset; samheng mellom forlis og bygningar
- Garnbinding og -bøting, reipslaging
- Hagebruk, handverk og mattradisjonar

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillinger

- Utstilling i Toreløa om forlis, vrakauksjonar og gjenbruk av skipstømmer i husbygging.

### 2. Pedagogiske opplegg

- Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

### 3. Aktivitetar

- Tre aktivitetsdagar i samarbeid med Hå Historielag, Nærbø bygdekvinne lag og andre frivillege
- Tilbod om ferieklubbar

## Haugabakka

### Om anlegget

Haugabakka ligg sentralt plassert i eit bustadfelt i Klepp. Anlegget består av eit jærhus frå 1852 og det såkalla "Folgehuset", ei Sandneskasse frå 1906. Jærhuset var kleppebygda sin første faste skule og lærarbustad. Den blei flytta 75 meter mot nord til nåverande plass i 1925, og tente då som heradshus nokre år. Seinare vart huset nytta som bustad for huslause før det blei museum i 1952. Folgehuset er flytta til Haugabakka og blir nytta av Klepp kunstforeining til skiftande utstillingar, kulturkveldar og ulike møter for lag og foreiningar. Huset blir òg nytta som undervisningsrom for skuleklassar som besøker museet.

Klepp historielag og Klepp kunstforeining er viktige samarbeidspartar i samband med utstillingar og formidlinga ved anlegget.

### Formidlingstema for Haugabakka

- Formidlinga er knytt til dei skiftande utstillingane i skulehuset.

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillingar

- Ei eigenprodusert eller vandreutstilling årleg i samarbeid med Klepp Historielag og andre frivillige. I perioden vil Jærmuseet også diskutera andre formidlingstiltak med Klepp kommune.

### 2. Pedagogiske opplegg

- Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

### 3. Aktivitetar

- Ein eller fleire aktivitetsdagar i samband med utstillingane

## Limagarden og dei andre anlegga i Gjesdal

### Om anlegga

Limagarden i Gjesdal er eit gardstun med bygningar frå 1800–1939. Garden ligg i eit karakteristisk kulturlandskap prega av beite med utsyn over Limavatnet. Rundt vatnet ligg fleire bygningar som er knytt til anlegget: Gardskverna med tørke, eit bakstehus med smie og Gjesdal Ljåfabrikk. Gjesdal er kjent som husflids- og handverkarbygda på Jæren. Limagarden er ei god



ramme for å fortelja om samanhengen mellom produksjon av ull og tilverking av garn og tekstilprodukt.

Blekkhuset er planlagt brukt til utstillingslokale for bygdesamlingane. Gamleløa, Smalahuset, Bakstehuset og Smia inneheld gamle reiskapar og utstyr.

Garden er open kvar søndag mai-september og ope kvar dag i juli unntatt måndag.

### **Formidlingstema for Limagarden**

- Aktivitetar knytt til Limavatnet
- Heimeproduksjon av ullklede og stoff

### **Prioriterte formidlingstiltak i planperioden**

#### **1. Utstillingar**

- Ny utstilling i Blekkhuset av gjenstandar frå bygdesamlinga

#### **2. Pedagogiske opplegg**

- Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

#### **3. Aktivitetar**

- Hage-, urte- og handverksdag
- Fiskedag
- 4-H dag og utleige til ymse kurs
- Skule-landbruk gjennomfører tre undervisningsdagar kvart år for mellomtrinnet
- Tilbod om ferieklubbar

### **Vistnestunet**

#### **Om anlegget**

Vistnestunet er ein kystgard som ligg i Randaberg kommune og har ei unik plassering; på landet, nær byen. Heimehuset inneheld ei miljøutstilling som syner eit miljø frå slutten av 1800-talet.

Det høyrer både innmark og utmark til anlegget, og det vert halde dyr. Ein av bygningane er eit jærhus der byggeskikken er tilpassa naturtilhøva. Anlegget inneheld òg ein operativ vindmaskin.

Vistnestunet er møteplass for turgåarar. Området rundt inneheld eit rikt plante- og dyreliv.

Vistnestunet har ikkje faste opningstider.

#### **Formidlingstema for Vistnestunet**

- Tresking
- Hage- og plantestell
- Dyr: sau, gris, jærhøns
- Livet på ein gard i Randaberg på 1800- og første halvdel av 1900-talet

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

- Utvikla tunet som møteplass i samband med aktivitetsdagar og turgåing.

### 1. Utstillingar

- Bieutstilling

### 2. Pedagogiske opplegg

- Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

### 3. Aktivitetar

- Randaberg kommune har ansvaret for aktivitetsdagar, formidling til barnehagar, lag og foreiningar og private arrangement. Aktivitetsdagane er blitt ei populær møteplass for publikum i Randaberg og kommunane rundt.
- Tilbod om ferieklubbar

## Flyhistorisk Museum Sola

### Om anlegget

Museet ligg i Sola kommune ved Stavanger Lufthamn og disponerer 2/3 av ein bevaringsverdig hangar i sjøflyhamna der. Her disponerer museet også kontor og lagerlokale i ei brakke like ved. Bygningane blei sette opp av tyskarane under andre verdskrigen. Det er eit autentisk anlegg med ei unik samling fly som dekkjer både sivil og militær luftfartshistorie. Frivillege har bygd opp museet og halde anlegget ope for publikum.

Ope kvar søndag mai- november. Ope kvar dag i skuleferien bortsett frå måndag.

### Formidlingstema for Flyhistorisk Museum Sola

- Sivil og militær, lokal og regional luftfartshistorie
- Samferdsel og kommunikasjon
- Teknologi og naturvitskap knytt til luft og flyging
- Den kalde krigen i lokalområdet

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillingar

- Fornying av eksisterande utstillingar og temporære utstillingar etter kapasitet

### 2. Pedagogiske opplegg

- Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

### 3. Aktivitetar

Minst to aktivitetsdagar/arrangement i samarbeid med venneforeininga og andre frivillege per år.

## **Rogaland Krigshistorisk Museum**

### **Om anlegget**

Rogaland Krigshistorisk Museum held til i den tidligare Soma militærleir i Sola kommune.

Utstillingane syner liv og kvardag i lokalsamfunnet under 2. verdskrig, inkludert motstandsarbeidet og tilhøva for jødane. Museet har ei stor samling militære køyretøy og tyngre militært utstyr. I tillegg inneheld samlingane ei omfattande mengd intervjumateriale, arkiv og foto. Frivillege har bygd opp museet og halde anlegget ope for publikum.

Museet skal flytta til «Torpedoverkstedet» i Sømmevågen i 2017 og blir nabo til Flyhistorisk museum.

Ope kvar søndag mai–november. Ope kvar dag i skuleferien bortsett frå måndag.

### **Formidlingstema for Rogaland Krigshistoriske Museum**

- Lokal forsvars- og krigshistorie frå andre verdskrigen fram til i dag, med hovudfokus på andre verdskrigen.

### **Prioriterte formidlingstiltak i planperioden**

#### **1. Utstillingar**

- Utvikla ny utstilling til dei nye lokala i Sømmevågen. Del 1 ferdig til sesongopning 2019

#### **2. Pedagogiske opplegg**

- Sjå gjeldande plan for formidling for barn og unge på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no).

#### **3. Aktivitetar**

- Eit årleg arrangement i samarbeid med venneforeininga